

Saksbehandlar: Arvid Stenehjelm, Fylkesrådmannen
Sak nr.: 17/2053-3

Fråværsstatistikk 2. kvartal 2017 til handsaming i hovudsamarbeidsutvalet

Fylkesrådmannen rår hovudsamarbeidsutvalet til å gjere slikt vedtak:

Hovudsamarbeidsutvalet tek statistikken over sjukefråværet til orientering og ber einingane følgje opp dei sjukmelde og arbeide for å identifisere årsaker og finne mottiltak til fråvær som kan vere arbeidsmiljørelaterte.

Vedlegg: Hovudtabell 2. kvartal 2017

Andre dokument som ikkje ligg ved: Statistikkgrunnlag og andre hjelpetabellar og rekneark.

SAKSFRAMSTILLING

1. Samandrag

Fråværsstatistikken skal tene som grunnlag for å avdekkje mogelege problem i arbeidsmiljøet. Den kan også bidra til å identifisera arbeidstakarar som treng spesiell oppfølging frå eininga eventuelt med bistand frå andre støttespelarar som til dømes vår leverandør av bedriftshelsetenester Stamina Helse AS eller frå Frm-personal. Framlegging av sjukefråværestal og statistikk har heimel i arbeidsmiljølova [§ 5-1](#) og i folketrygdlova [§ 25-2](#).

Dei samla registrerte fråværestala syner noko lågare fråværestal samanlikna med første kvartal i 2016. For eitt år sidan registrerte vi ved første kvartal eit samla fråvær på høvesvis 5,4 %. Til samanlikning ligg vi noko under (5,0 %) og med det er stabiliseringsmålet på gjennomsnittleg 5 % er oppfylt ved dette kvartalet.

To einingar/LAMU-områder rapporterte fråvær på gjennomsnittleg seks prosent og over no ved første kvartal. Desse einingane vert som tidlegare beden om å utarbeida ei særskild analyse og å tilbakemelde dette til rådmann – jf. sak 09/63-1. Hensikta er at eininga skal kommentere fråværet sitt og leite etter mogleg samanheng med forhold i arbeidsmiljøet og kva eventuelle tiltak eininga ser for seg kan setjast inn for å motverke slike fråvær.

Når LAMU drøftar fråværestala i sine møter vil utvikling av fråværet, storleik på fråværet og skilnader mellom kjønna vere tema. Kvifor er det skilnad i fråværet mellom kvinner og menn i einingar med tilnærma lik samansetjing mellom kjønna? Kan det vere i rett tid å undersøke samanhengane mellom arbeidsmiljøet og sjukefråværet? «Normalavvik» syner forskjellar på 1 til 2 prosentpoeng. LAMU tek desse forholda opp i sine kvartalsvise møter der fråværet på individnivå vert handsama.

1. Kommentar til samla registrering andre kvartal 2017

Statistikken frå Sogn og Fjordane fylkeskommune omfattar ansvarsområda opplæring, tannhelsetenesta og sentraladministrasjonen kvar for seg. Sentraladministrasjonen inkluderer tilsette på fylkeshuset i Leikanger og sentraladministrasjonen sin del av næring- og kulturavdelinga inkludert andre avdelingar sine satellittkontor lokalisert til Storehagen Amfi i Førde. Frå og med registreringane i 1. kvartal 2017 blir den tidlegare gruppa «Andre» inkludert i sentraladministrasjonen. Desse nye er fylkesbiblioteket, fylkesarkivet inkludert kommunearkivordninga samt sekretariatet for kontrollutvalet.

2. kvartal 2017										
Br.	Org.	Mogelege dagsverk netto	Eigenmeldte frávær dagsverk	Sjukmeldte 1-3 dagar tal tilfelle	Frávær 1-3 dagsverk	Frávær 4-16 dagsverk	Frávær 17-56 dagsverk	Frávær >56 dagsverk	Totalt frávær dagsverk	Frávær prosent
Kvinner	Sentraladm.	5877,8	48,8	185,5	44,8	47,7	118,3	23,5	234,3	4,0
Menn	Sentraladm.	7457,5	50,8	159,1	33,8	72,8	51	52,3	209,9	2,8
Sum Totalt	Sentraladm.	13335,3	99,6	344,6	78,6	120,5	169,3	75,8	444,2	3,3
Kvinner	Opplæring	25042,3	127,5	1138,5	134,2	224,1	765,3	142,3	1266	5,1
Menn	Opplæring	20328,1	77,8	642,2	64,8	159,7	424,4	71,1	719,9	3,5
Sum Totalt	Opplæring	45370,4	205,3	1780,7	199	383,8	1189,7	213,4	1985,9	4,4
Kvinner	Tannhelse	4714,8	54,7	249,1	46,5	135,3	122	0	303,8	6,4
Menn	Tannhelse	591,4	7	5	7	5	0	0	12	2,0
Sum Totalt	Tannhelse	5306,2	61,7	254,1	53,5	140,3	122	0	315,8	6,0
Sum totalt kvinner		35634,9	231	1573,1	228,4	477,7	910,8	165,8	1804,1	5,1
Sum totalt menn		28377	135,6	806,3	144,6	215,7	476,7	94,6	941,8	3,3
SUM		64011,9	366,6	2379,4	331,1	644,6	1481	289,2	2745,9	4,3

Tabell 1. Samla fráværstatistikk frå 2. kvartal 2017

Tabell 1 over viser det samla sjukefráværet for heile Sogn og Fjordane fylkeskommune (alle einingane) i 2. kvartal 2017. Vi registrerte eit samla frávær på 4,3 % ved dette kvartalet. Til samanlikning registrerte vi no noko lågare tal enn ved andre kvartal i 2016 som hadde 4,5 %. Sjå kommentarar knytt til sektorane under.

2. Kommentar til tenesteområda

Tannhelsetenesta

Den offentlege tannhelsetenesta i Sogn og Fjordane er organisert som ein institusjon med direktør for tannhelsetenesta som øvste leiar, deretter assisterande direktør, rådgjevar og førstekonsulentar i sentral stab. Tannklinikane rapporterer til den sentrale staben. Kliniksjefen er lokal leiar med ansvar for dagleg drift og med avgrensa personalansvar ved tannklinikane.

2. kvartal 2017										
Br.	Org.	Mogelege dagsverk netto	Eigenmeldte frávær dagsverk	Sjukmeldte 1-3 dagar tal tilfelle	Frávær 1-3 dagsverk	Frávær 4-16 dagsverk	Frávær 17-56 dagsverk	Frávær >56 dagsverk	Totalt frávær dagsverk	Frávær prosent
Kvinner	Tannhelse	4714,8	54,7	249,1	46,5	135,3	122	0	303,8	6,4
Menn	Tannhelse	591,4	7	5	7	5	0	0	12	2,0
Sum Totalt	Tannhelse	5306,2	61,7	254,1	53,5	140,3	122	0	315,8	6,0

Tabell 2) Andre kvartal 2017 frå tannhelsetenesta

I andre kvartal i 2016 – for eitt år sidan - registrerte tenesta eit samla snitt på 6,2 %. Tala viser no 6,0 %. Når vi ser på klinikknivå viser dette at fire klinikkar/kontor som har null frávær i perioden. Ni klinikkar/kontor har frávær 6 % eller høgare. Samla registrerar tenesta 6,0 % og det utløyser kravet til eigenanalyse/eigenrapport. Tannhelsetenesta er kjenneteikna av mange små eininga og vil med det få store prosentvise utslag om ein tilsett er ute i langtidsfrávær.

Sentraladministrasjonen ⁱ

ⁱ Tilsette som høyrer til ytre kultursektor har vore plassert under gruppa *Andre*. Ny organisering tok til å gjelde frå 1. januar 2017. Det vil bety at «Andre» vil inngå i sentraladm.

Sentraladministrasjonen har hovudsete på Leikanger – fylkeshuset samt i Storehagen Amfi i Førde der kulturdelen av næring- og kulturavdelinga har hushald. I tillegg husar ein i Førde fleire kontorplassar for medarbeidarar frå fleire avdelingar i sentraladministrasjonen.

Eininga er rimeleg sektordelt men dei fleste har til felles at kontorarbeid kjenneteikna arbeidsmiljøet. Tekniske tenester, reinhald og deler av arbeidsoppgåvene til kultur (geologar) og arkivtenester har andre arbeidsmiljø enn typiske kontorarbeidsplassen. Det er variasjonar mellom sektorane/avdelingane både i storleik og sjukefråværstal. Små einingar med få tilsette vil få høge fråværstal rekna i prosent om ein eller få vert lenge borte frå arbeidet.

Samla sett registrerar sentraladministrasjonen låge fråværstal. Gjennomsnittet er 4,0 % der kvinner står for 5,7 % og menn 2,8 %. Men også innanfor denne eininga sprik det noko mellom avdelingane. I dette kvartalet er det bibliotekføremål med sine 9 tilsette som «toppar» statistikken med 12 %. I denne avdelinga er det 9 tilsette og eitt lengre sjukefråvæer dreg opp gjennomsnittstala her. Samla gjennomsnittleg fråværstal for sentraladministrasjonen ligg framleis 1,0 prosentpoeng under resultatmålet for verksemda samla.

2. kvartal 2017										
		Mogelege dagsverk	Eigenmeldte fråvæer	Sjukmeldte 1-3 dagar	Fråvæer 1-3	Fråvæer 4-16	Fråvæer 17-56	Fråvæer >56	Totalt fråvæer	Fråvæers prosent
Br.	Org.	netto	dagsverk	tal tilfelle	dagsverk	dagsverk	dagsverk	dagsverk	dagsverk	
Kvinner	Sentraladm.	5877,8	48,8	185,5	44,8	47,7	118,3	23,5	234,3	4,0
Menn	Sentraladm.	7457,5	50,8	159,1	33,8	72,8	51	52,3	209,9	2,8
Sum Totalt	Sentraladm.	13335,3	99,6	344,6	78,6	120,5	169,3	75,8	444,2	3,3

Tabell 3) Andre kvartal 2017 frå sentraladministrasjonen

Tenesteområde vidaregåande opplæring

Som vanleg registrerar nokre einingar sær s låge fråværstal medan andre viser høgare tal. Gjennomgåande viser dei vidaregåande skulane moderate fråværstal dette kvartalet også. Der er likevel registrert tre einingar med fråvæer over stabiliseringsmålet på 5 %. Gjennomsnittleg registrering for tenesteområdet er 4,4 % der kvinner er ute med 5,1 % av sin tilgjengelege arbeidsressurs og menn tilsvarande med 3,5 %.


2. kvartal 2017										
		Mogelege dagsverk	Eigenmeldte fråvæer	Sjukmeldte 1-3 dagar	Fråvæer 1-3	Fråvæer 4-16	Fråvæer 17-56	Fråvæer >56	Totalt fråvæer	Fråvæers prosent
Br.	Org.	netto	dagsverk	tal tilfelle	dagsverk	dagsverk	dagsverk	dagsverk	dagsverk	
Kvinner	Opplæring	25042,3	127,5	1138,5	134,2	224,1	765,3	142,3	1266	5,1
Menn	Opplæring	20328,1	77,8	642,2	64,8	159,7	424,4	71,1	719,9	3,5
Sum Totalt	Opplæring	45370,4	205,3	1780,7	199	383,8	1189,7	213,4	1985,9	4,4

Tabell 4) Statistikk frå opplæringssektoren andre kvartal 2017

Kommentar

Vi registrerar stabile, høvesvis moderate fråværstal ved tenesteeiningane. To einingar registrerar fråvæer på eller over rapporteringsgrensaⁱⁱ på 6 % dette kvartalet. Desse er Flora og Måløy som registrerar høvesvis 6,9 % og 10,8 %. Måløy registrerar 12 personar med gjennomsnittlege fråvæer i perioden på over 20% derimellom tre medarbeidarar med 100% fråvæer. Dette bidreg sterkt til det høge talet for skulene samla. LAMU handsamar statistikken og vil rapportere særskild om forholda. Flora har ein noko anna profil. 12 tilsette er ute i perioden med over 20 % fråvæer. Vi ventar eigen rapport også frå denne eininga.

ⁱⁱ Dei einingane med fråvæer lik og større enn 6 % rapportere særskild til fylkesrådmann med analyse av fråværet.



Grafikk 1. Gjennomsnittleg fråvær begge kjønn ved tenesteområdet dei vidaregåande skulane (inkludert Fagskulen i Sogn og Fjordane og landlineskulen i Aurland)


Tabellen under viser kvar eining sine registreringar fordelt mellom høvesvis kvinner, menn og gjennomsnittet for begge kjønn.

Arbeidstad	KJ	Bemanning	Mogelege dagsv. netto	Egenm. fråvær dagsv.	Sjukem. dagsv	S.fråvær 1-3 dagsv	Fråvær 4-16 dagsv	Fråvær 17-56 dagsv	Fråvær > 56 dagsv	Sum fråvær dagsv	Fråværs prosent	
ÅRDAL VIDAREGÅANDE SKULE	K	30,0	1 422	10,0	29,7	10,0	0,0	29,7	0,0	39,7	2,79	
	M	21,0	981	1,5	7,5	1,5	1,0	6,5	0,0	9,0	0,92	
ÅRDAL VIDAREGÅANDE SKULE		51,0	2 402,8	11,5	37,2	11,5	1,0	36,2	0,0	48,7	2,03	
SOGNDAL VIDAREGÅANDE SKULE	K	93,0	4 479	12,6	205,8	13,5	39,3	124,8	40,8	218,4	4,88	
	M	66,0	3 310	10,1	194,3	10,1	32,2	108,1	54,1	204,4	6,18	
SOGNDAL VIDAREGÅANDE SKULE		159,0	7 788,6	22,7	400,1	23,6	71,5	232,9	94,9	422,8	5,43	
HØYANGER VIDAREGÅANDE SKULE	K	17,0	768,9	3,0	3,5	3,0	3,5	0,0	0,0	6,5	0,85	
	M	18,0	844,3	6,0	36,0	6,0	11,0	25,0	0,0	42,0	4,97	
HØYANGER VIDAREGÅANDE SKULE		35,0	1 613,2	9,0	39,5	9,0	14,5	25,0	0,0	48,5	3,01	
MO OG ØYRANE VIDAREG SKULE	K	74,0	3 487	30,7	153,1	32,7	42,1	105,4	3,6	183,8	5,27	
	M	91,0	4 257	18,3	90,6	10,3	61,8	36,8	0,0	108,9	2,56	
MO OG ØYRANE VIDAREG SKULE		165,0	7 743,4	49,0	243,7	43,0	103,9	142,2	3,6	292,7	3,78	
HAFSTAD VIDAREGÅANDE SKULE	K	49,0	2 370	10,0	25,3	15,5	6,1	13,7	0,0	35,3	1,49	
	M	21,0	983	2,7	69,0	2,7	0,0	69,0	0,0	71,7	7,29	
HAFSTAD VIDAREGÅANDE SKULE		70,0	3 352,7	12,7	94,3	18,2	6,1	82,7	0,0	107,0	3,19	
FAGSKULEN I Sogn og Fjordane	K	9,0	370	2,0	0,0	2,0	0,0	0,0	0,0	2,0	0,54	
	M	24,0	912,6	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	0,00	
FAGSKULEN I Sogn og Fjordane		33,0	1 282,8	2,0	0,0	2,0	0,0	0,0	0,0	2,0	0,16	
DALE VIDAREGÅANDE SKULE	K	17,0	750	6,7	12,8	6,7	2,0	10,8	0,0	19,5	2,60	
	M	20,0	855	4,1	7,8	4,1	7,8	0,0	0,0	11,9	1,39	
DALE VIDAREGÅANDE SKULE		37,0	1 605,1	10,8	20,6	10,8	9,8	10,8	0,0	31,4	1,96	
FLORA VIDAREGÅANDE SKULE	K	63,0	3 123	19,9	288,1	17,9	68,8	192,8	28,6	307,9	9,86	
	M	39,0	1 942	16,0	26,0	16,0	4,5	21,5	0,0	42,0	2,16	
FLORA VIDAREGÅANDE SKULE		102,0	5 065,5	35,9	314,1	33,9	73,3	214,3	28,6	349,9	6,91	
FIRDA VIDAREGÅANDE SKULE	K	38,0	1 809	7,0	0,0	7,0	0,0	0,0	0,0	7,0	0,39	
	M	22,0	1 115	6,0	10,0	6,0	5,0	5,0	0,0	16,0	1,43	
FIRDA VIDAREGÅANDE SKULE		60,0	2 924,3	13,0	10,0	13,0	5,0	5,0	0,0	23,0	0,79	
STRYN VIDAREGÅANDE SKULE	K	29,0	1 342	5,0	63,4	5,0	5,4	40,0	18,0	68,4	5,10	
	M	26,0	1 233	0,0	47,6	0,0	21,6	26,0	0,0	47,6	3,86	
STRYN VIDAREGÅANDE SKULE		55,0	2 574,2	5,0	111,0	5,0	27,0	66,0	18,0	116,0	4,51	
EID VIDAREGÅANDE SKULE	K	45,0	2 139	11,0	96,0	9,3	21,0	76,7	0,0	107,0	5,00	
	M	28,0	1 363	11,0	6,0	6,0	11,0	0,0	0,0	17,0	1,25	
EID VIDAREGÅANDE SKULE		73,0	3 501,6	22,0	102,0	15,3	32,0	76,7	0,0	124,0	3,54	
MÅLØY VIDAREGÅANDE SKULE	K	39,0	1 909	4,8	254,9	6,8	30,0	171,5	51,4	259,6	13,60	
	M	35,0	1 778	0,0	138,0	0,0	0,0	121,0	17,0	138,0	7,76	
MÅLØY VIDAREGÅANDE SKULE		74,0	3 687,1	4,8	392,9	6,8	30,0	292,5	68,4	397,6	10,78	
SOGN JORD- OG HAGEBRUKSSKULE	K	26,0	1 074	4,9	6,0	4,9	6,0	0,0	0,0	10,9	1,02	
	M	16,0	756	2,0	9,4	2,0	3,9	5,5	0,0	11,4	1,51	
SOGN JORD- OG HAGEBRUKSSKULE		42,0	1 829,1	6,9	15,4	6,9	9,9	5,5	0,0	22,3	1,22	
Sum skulane 2. kv 2017		K	529,00	25042,30	127,60	1138,60	134,30	224,20	765,40	1266,00	6,06	
		M	427,00	20328,10	77,70	642,20	64,70	159,80	424,40	719,90	3,54	
			956,00	45370,4	205,3	1780,8	199	384	1189,8	213,5	1985,9	4,38

Tabell 5) Andre kvartal 2017 frå tenesteområdet dei vidaregåande skulane

3. Utvikling over tid

Dei grafiske framstillingane under viser det registrerte fråværet frå første kvartal 2013 til og med 2. kvartal i 2017. Fråværet ligg framleis på eit høvesvis lågt gjennomsnitt og viser stabilitet andsynes dei kjende årstidsvariasjonane.



Grafikk 2) Fråværsutvikling kvinner og menn - alle einingane frå 1. kvartal 2013 til og med 2. kvartal 2017

Fylkeskommunen sitt overordna mål er å stabilisere sjukefråværet på 5 %. Men dette betyr ikkje at einingane skal ha same målet. Einingane kan ut i frå egne føresetnader gjere vedtak om eit endå meir ambisiøst mål. Alle LAMU/einingar er ferdig med å operasjonalisere mål og tiltak under kvart av dei tre delmåla i IA-avtalen. Ein styrke er at verksenda sine hmt-mål i samband med systematiske hmt-arbeide (internkontroll) no er samordna med IA-måla. Ein har med dette oppnådd å integrere IA i eininga sitt systematiske helse-, miljø- og tryggleiksarbeid.

4. Konklusjon/tilråding

Registreringane frå andre kvartalet viser at vi er godt under stabiliserings- og IA-målet på fem prosent. Trenden over tid viser stabilitet på eit høvesvis lågt nivå.

Fylkesrådman opprettheld kravet til at einingar med registret kvartalsfråvær på eller over seks prosent rapporter etter den gjevne malenⁱⁱⁱ. Fylkesrådman rår til at hovudsamarbeidsutvalet tek statistikken over sjukefråværet til orientering og ber einingane følgje opp dei sjukmelde og arbeide for å identifisere årsaker og finne mottiltak til fråvær som kan vere arbeidsmiljørelaterte.

ⁱⁱⁱ For at vi får ei eins rapportering og for at ein berre kommenterer moglege arbeidsmiljørelatert fråvær, ber om at tilbakerapporteringa følgjer denne malen:

Vår analyser viser at X vidaregåande skule (sentraladministrasjonen/tannhelsetenesta) registrera X % gjennomsnitt, der kvinner har X % og menn X %. Ved skulen arbeider det X personar. X personar hadde ikkje fråvær i perioden, det vil seie at X % av dei tilsette har 100 % nærvær. Mellom dei med særleg langt sjukefråvær (over 20 %) finn vi X personar. Dette utgjør X av arbeidsstokken.

Skriv kommentar til moglege arbeidsmiljørelatert fråvær. Her skriv du ein kort kommentar til det fråværet du meiner har eller kan ha samband med forhold i arbeidsmiljøet og kva tiltak ein ser for seg kan setjast inn for å motverke slike fråvær. Gjerne også kva som er utført i høve det aktuelle tilfellet. Vi vil også ha ein vurdering om fråværet ikkje kan relaterast til arbeidsmiljøet. Vi ønskjer tilbagemeldinga anonymt – ingen skildring av diagnoser og namn på tilsette.